

Interkommunalt planutval (IKPU) - Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland (i tillegg deltok også arbeidsgruppa)

Møte: 03
Tid: Fredag 26.02.2021 kl. 09.00 – 09.45
Stad: Teamsmøte

Til stades:

IKPU:	Malin Andvik (Alver), Stian Herøy (Fedje), Hallvard Oppedal (Gulen), Karstein Totland (Masfjorden), Kjetil Eikefet (Modalen), Lars Fjeldstad (Osterøy), Hege Eide Vik (Vaksdal)
Arbeidsgruppa	Kristin Nåmdal (Alver), Asbjørn Toft (Austrheim), Jan Torry Sande (Fedje), Ingvild Høydal (Gulen), Sveinung Toft (Masfjorden), Viviann Kjøpstad (Osterøy), John Hoshovde (Vaksdal)
Andre:	Hans Kristian Dolmen (HK), Bent Gunnar Næss (BG)
Referent	Bent Gunnar Næss
Forfall	Per Lerøy (Austrheim), Jo Bjarte Tømmerbakke (Modalen)

Sak 01/21	<p>Godkjenning – sakliste og innkalling</p> <p>Vedtak: Det var ingen merknad til sakliste og innkalling.</p>
Sak 02/21	<p>Godkjenning av referat frå førre møte</p> <p>Vedtak: Det var ingen merknad til referatet.</p>
Sak 03/21	<p>Planprogrammet – vedtak om høyring og kunngjering</p> <p>Vedlegg til saka:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Forslag planprogram • Høyringsbrev • Regional høyringsliste <p>Det Interkommunale planutvalet for sjøareal har fått delegert mynde til å vedta planprogrammet.</p> <p>Saksopplysningar: Den interkommunale planen for sjøareal skal utarbeidast i samsvar med prosessreglane i plan og bygningslova. Første delen av prosessen er å utarbeida planprogram. Planprogrammet skal fungera som ein plan for planlegginga og i programmet skal det utgreiast kva rammene for planlegginga skal vera.</p> <p>Framlegg til program skal , etter at det er ferdig handsama i det interkommunale planutvalet leggst ut til offentleg høyring og ettersyn. Dette for å sikre medverknad frå innbyggjarar, næringsliv, organisasjonar og offentlege mynde tidleg i planprosessen.</p>

	<p>Dei delane av planprosessen som vert koordinert er særleg medverknadsdelen. Medverknaden vert organisert med ulike verkemiddel for dialog og kanalar for innspel.</p> <p>Metodar og innhald vert nok moglege annleis en vanleg grunna pandemien me er i no. Felles medverknadsprosjekt vil gje verdifulle data til utarbeidinga av planen, medan den formelle prosessen etter plan og bygningslova sikrar lovbestemt gjennomføring av planprosessen. På bakgrunn av dette er det lovpålagt å utarbeide planprogram som igjen skal leggest ut til offentleg høyring og ettersyn.</p> <p>Planprogrammet vert sendt på høyring til regionale aktørar. Kommunane må sjølv sende det ut på høyring til lokale aktørar (innan eigen kommune). Det vert laga eit felles høyringsbrev med mal for innspel som kan nyttast. Alle innspel vert sendt inn til regionalt nivå.</p> <p>Der vil bli arrangert regionale møte for å få:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Innspel til planprogrammet • Innspel til dagens bruk av sjøarealet og eventuelle behov for endringar <p>På desse møta bør minimum leiar i det interkommunale planutvalet vere med, gjerne heile utvalet. Der vil bli vurdert om der er behov for ulike temamøte.</p> <p>Tilsvarende møte skal skje på kommunalt nivå og det må ha god politisk forankring ved at kommunen sin representant i IKPU og gjerne planutvalet/formannskapet er med. Desse møta må kommunen ta ansvaret for.</p> <p>Planprogrammet vert annonsert i lokalavisene og på heimesida til Regionrådet. Kommunane må også ta lokalt ansvar for å gjere planprogrammet kjent.</p> <p>Vedtak: Det interkommunale planutvalet for sjøareal i Nordhordland vedtek at framlegg til planprogram for «Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland» vert lagt ut til offentleg ettersyn. Vedtaket har heimel i plan og bygningslova §11-1 og §11-13.</p>
<p>Sak 04/21</p>	<p>Eventuelt</p> <p>Interesse for faglege miniseminar. Kjem tilbake på om der kan bli noko slikt 26. mars som er satt av som møtetidspunkt.</p> <p>Knarvik, 26. februar 2021</p>